

# HØRINGSSVAR

## Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

### Høyringsvar frå Vikebygd sokn, Stavanger bispedømme

I vårt høyringsvar konsentrerer me oss om spørsmåla 5 – 10, som handlar om soknet og fellesrådet.

Vikebygd sokn er eit lite sokn med i overkant av 500 medlemmer. I kommunen, Vindafjord, er det heile 8 sokneråd, sjølv om kommunen berre har i underkant av 9000 innbyggjarar. Drifta i slike sokn som me representerer, er vesentleg annleis enn i store bysokn. Dessverre har me ei klar kjensle av at sentrale kyrkjelege organ ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til dette. Mellom anna blir spørsmål om dagleg leiing (tilsett) absurd, og det gir heller ikkje mykje mening når statlege tilskot til dåpsopplæring blir tildelt vårt sokn etter medlemstal. (Tilsetting i 8 % stilling er vel ikkje mykje å satsa på...)

Soknerådet vil med bakgrunn i dette sterkt frarå at Fellesrådet som organ får mindre mynde og betydning. I dei små sokna vil det fyrst vera på dette nivået ein finn tilsette, sjølv om dette administrativt kanskje ikkje er meir enn kyrkjeverje. For oss har det likevel gjort at det er eit organ som kan ta arbeidsgjevaransvar for samarbeidsprosjekt mellom sokna, slik som det var heilt naudsynt at blei gjort ved tilsetting av trusopplæringsmedarbeidar. Sjølvstendige sokneråd samarbeida om tilsettingar, men oppfølging av arbeidsgjevaransvaret blir sannsynlegvis dårleg.

### På spørsmåla svarar me slik:

5. Det bør framleis vera opp til det enkelte sokn om dei vil fortsetja med den storleik dei har. (Vikebygd sokn har på eige initiativ avtalt ei prøveordning med nabosoknet om samanslåing)
6. To organ for soknet bør absolutt vidareførast. For små sokn er fellesrådet eit viktig organ for å sikra eit organ som kan ha kraft til å styra samarbeidsprosjekt.
7. For vår del bør fellesrådet liggja på kommunenivå. Prostinivå blir dessverre så stort at det vil ha vanskar med å ha kontakten ned mot sokneråda. Haugaland prosti har 16 sokn, og sjølv om me har vore med i dette prostiet i fleire år har prosten t.d. ennå ikkje vore på møte med soknerådet eller på gudsteneste i vår kyrkje.
8. Me ser ikkje umiddelbare føringar her, men kunne nok tenka oss at framtidige øymerka løyvingar som t.d. dåpsopplæringsmidlar blir fordelt fellesråda og ikkje direkte til kvart sokn. Mogleg det her kunne gjerast ein funksjonsfordeling ved at store sokn, t.d. med over 5.000 eller 10.000 medlemmer får direkte løyvingar.

9 og 10. Dette er ein type spørsmål som ikkje er særleg relevant, og det undrar oss at kyrkjerådet og høyringsnotatet overhodet ikkje drøftar at dette ikkje er relevant for den største delen av sokna. Det **er ingen** tilsette å styra (med unnatak av kyrkjetenar i 5-15 % stilling...) og presten er prest for fleire sokn, i vårt tilfelle for tre.

Med beste helsing for Vikebygd sokneråd